Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1

Emnenr. 5

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Vannbæring

Oppskr. av: Olav Furuset

(adresse): Jömna st

Fylke: Hedmark

Herad: Elverum

Bygdelag: Bjölset krets i Heradsbygda

Gard: Bjölset lærergard.

G.nr. 1 Br.nr. 17 -18.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Olai Sandaker, Jömna, 58 år gammel. Småbruker.

SVAR

Å bære vatn med vass-sele og to bötter har vöri mye brukt i förtida. Ja ein kan slenge til å sjå ein og annan som bruker det enno, men det er sjeldan.
Vass-selen dei brukte her var for det meste ein som kvilte på ~~bek~~ begge aksler med ein uthola opning åt halsen midt på ~~bak~~.
Dei brukte nok ein del vass-sele av den rette typen som dei bar på skrå over skuldrene og. (Ei bötte foran og ei bak).
Dei brukte nok vidjer og trekroker i vass--selen, men i ~~det~~ den tida O. Sandaker kan hugse brukte dei helst jernlenkjer og jern--kroker.
Å bruke trebötter til vassbæringa slutta dei med kring 1880-~~18~~1890 her i grenda.
2)
Tresåer med örer til å stikke ei stang gjen--om for å bære med har vöri brukt.
Stanga kalla dei såstång og karet vass-så. Det kunne ta ca 60 liter. Dei brukte lokk på såen, eller lot ialle-fall ei lokk flyte oppi for å ungå skvulping. Dei bar også mjölk slik.
På enkelte gårder kan ein enno sjå dei kjører

582

vatn i vass-såer hengt opp med ei stång gjennom óra i såen på handkjerre. X På den måten ungår dei at vatnet renner over.

3)

Om vinteren frakta dei vatn på vass-kjelke. Det brukes mye enno. Vass-kjelken var laget med to meier, med et par benhe med knarter til å sette såen på. Dei skjöv kjelken före seg. For å hindre at vatnet skvulpa over bukke dei ofte å ~~ta~~ ause oppå snó. Det gjorde nesten samme nytta som lokk.



4). Det er nok kvinnfolka og större unger som bærer vatnet. Slik var det för og er det enno.

På dei större garda var det kvinlege tenarer som stod for vassberinga. Frans vatnet bort so måtte kara stå for vasskjöyringa sjölsagt. Isåfall kjörde dei vatn med hest og sloå og dei tok fleire kar om gongen.

5) Dette er metoder som alle er gått ut tur bruks nå, der eg ikkje har merka av nåe anna. Dei var brukt både på små og större gardar. Dei större gårda har rådd seg på pumper. På dei mindre bær dei vatnet i 2 bötter, men uten sele.

Om spörsmål 6 sjå under 2 - og 4.

7) I Bjölset-kretsen i Heradsbygda er det 80 bostader. Av desse har dei innlagt vatn på 10 steder. På dei andre stader henter dei vatn frå brunn og bærer inn åt kjöken og fjós. På 2 stader kk dei vatn frå Glomma med heiseinnretning. 2 tek vatn i bekk.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING